

Bruk av refleksjonsnotat i elevforskning

Når ein gjennomfører forskingsopplegg med større elevgrupper, kan det av og til vere krevjande å halde oversikt over progresjonen til kvar enkelt elev/gruppe. Då kan refleksjonsnotat fungere fint som ein måte å følgje opp elevane på. Samtidig kan det å reflektere, bidra til at elevane blir meir medvitne om eigne læringsprosessar og får ei djupare forståing av fagstoffet.

Av: Hildegunn Stokke Rasmussen

Introduksjon

Vi gjennomførte tre refleksjonar i løpet av ein forskingsprosess på om lag åtte veker, alle med litt ulike mål. Alle hadde form som skriftlege oppgåver som vart gjennomførte i timane på skulen. Dermed sikra vi oss at elevane brukte litt tid på skrivinga, og at dei fekk fokusere på oppgåvene i større grad enn det som kanskje ville vore tilfellet dersom dei fekk refleksjonsoppgåvene som heimearbeid.

Første refleksjon: (vedlegg 1)

Etter ein fagdag ider vi hadde diskutert mogelege problemstillingar for forskingsprosjekta, fekk elevane ei kort refleksjonsoppgåve. Målet her var først og fremst å få oversikt over elevane sine forventningar til prosjektet, i tillegg til at dei kunne seie noko om kva for emne dei helst ville arbeide med, og om dei ville jobbe i grupper eller åleine. Dette dokumentet danna bakgrunn for samtalar med kvar enkelt elev om prosjektet, og var til hjelp når vi skulle sette saman grupper.

Andre refleksjon:

Problemstilling, metode, etikk og validitet (vedlegg 2)

Andre refleksjon blei gjennomført som ein vurderingssituasjon på skulen veka før elevane skulle gjennomføre datainnsamlinga. Alle elevane hadde no levert inn og fått tilbakemelding på utkast til undersøking (spørjeskjema/intervjuguide). I dette refleksjonsnotatet skulle dei kople fagomgrepa frå metodedelen i læreboka til eige prosjekt. Dette dekte behovet for ei individuell vurdering for dei elevane som jobba i grupper, slik at det var lettare å gi elevane individuelle karakterar til slutt. For elevane såg det ut som det å måtte kople eige prosjekt opp til metodeomgrepa var med på å auke forståinga for fagomgrepa og reflektere over styrkar og svakheiter ved eige forskingsprosjekt. Elevane fekk vurdering i form av måloppnåing (låg/middels/høg) og ein kort kommentar.

Tredje refleksjon:

Utvikling og sjølvtilit (vedlegg 3)

Den siste refleksjonen gjennomførte vi etter at elevane hadde levert inn førsteutkast, men før dei hadde fått tilbakemelding. Dersom det er praktisk mogeleg, er det nok enda betre å gjennomføre denne etter innlevering av siste versjon. Fokuset for siste refleksjon var først og fremst å gjere elevane bevisste på eigne læringsstrategiar og eiga utvikling gjennom prosjektet. I tillegg var det eit poeng å få elevane til å stoppe opp og tenke over kva dei faktisk hadde fått til. Fokuset i vurdering og tilbakemelding blir ofte på kva som kan forbetrast og utviklast vidare. Min påstand er at det å legge merke til kva ein faktisk har fått til kan vere vel så viktig for å utvikle sjølvtiliten og motivasjonen som trengs for å jobbe vidare med neste oppgåve.

For meir detaljar om bakgrunnen for metoden og resultata, [sjå Rasmussen sin lærarrapport](#).

Vedlegg 1:

Første refleksjonsoppgåve

Refleksjonar før Holbergprisen i skolen-prosjektet

1. Kva gler du deg til med dette prosjektet?
2. Kva er du spent på?
3. Kva kan du tenke deg å jobbe med?
4. Kva tenker du om å jobbe i grupper?
Er det nokon du særskilt gjerne kunne tenkt deg å jobbe saman med?

Vedlegg 2: **Andre refleksjonsoppgave**

Tidsramme: 60 minutter

**Skriv ein tekst der du reflekterer over spørsmåla under.
Bruk gjerne læreboka som støtte.**

- Identifiser metoden din: Kvalitativ/kvantitativ metode
- Kvifor har du/de valt akkurat denne metoden for å svare på problemstillinga?
- Kva for utfordringar gir denne metoden når du skal svare på dette spørsmålet?
- Kva for etiske utfordringar ser du med prosjektet? Korleis vil de løyse dei?
- Kva for potensielle feilkjelder ser du ved prosjektet?
- Korleis vil de sikre at resultata er valide og pålitelege?

Vurderingskriterier

HØG MÅLOPPNÅING

- Fagleg grunngjeving av vurderingane
- Nyanserte og sjølvstendige refleksjonar
- Val av metode er knytt til problemstilling

MIDDELS MÅLOPPNÅING

- Dei fleste vurderingane er grunngjevne
- Vurderingane kan vere generelle, og ikkje knytt direkte til eleven sitt prosjekt
- Nokre sjølvstendige refleksjonar

LÅG MÅLOPPNÅING

- Har kunnskap om eige prosjekt, men vurderingane er ikkje godt grunngjevne /ikkje knytt til kunnskap om metode i samfunnsfaga
- Ser i liten grad fordelar/ulempar ved eigen metode

Vedlegg 3:

Tredje refleksjonsoppgave

Refleksjonar etter Holbergprisen i skolen-prosjektet

- Kva har vore mest utfordrande/frustrerande med dette prosjektet?
- Fortel om ei utfordring du støtte på, og korleis du løyste den.
- Kva har du lært om deg sjølv i denne prosessen? Trur du du kjem til å få bruk for noko av det du lærte i denne prosessen seinare i livet?
- Har arbeidet med prosjektet endra ditt syn på forskning? Svar med ei kort grunngjeving.
- Kva har vore mest interessant?
- Kva er du mest stolt av?